

Fyresegner fyre ordkløyving i norsk

Sverre Stausland

Erso eit lesestykke er jamnat på båda sidorna av bladet, er det vanlegt å kløyva ordi ved randskiftet, so myket høgare jadaren ser rett ut. Det finst ingi fasta fyresegner fyre korso ordi skal kløyvast, men det finst lika fullt ein sed som hev myket fyre seg, og det er den me skal leggja fram og fylgja i dette stykket.

Det som veg tyngst når han skal setja eit lesestykke, er at inkje i uppsetet fær lesaren til å hevla elder eva. Di meir umerkande boksetnaden er, di meir velgjord er han. Ei god ordkløyving er med di ei som fell lett fyre lesaren, og som ikkje fær honom til å gruna på korkje klovningarne elder ordet. Nedanfyre tel me upp dei mest vyrdande fyresegnerne fyre ordkløyvingi.

- (1) Ord på berre éi staving kann aldri kløyvast, sama kor mange bokstavar ordet hev. Ord som *skrøyvt* og *strengd* lyt ritast i eitt med alle bokstavarne i lag.
- (2) Ordrøter og ordstomnar på færre en seks bokstavar skal helst ikkje kløyvast. Ikkje rita *vi-sa*, *ep-le* eller *bak-ke*.
- (3) Eit samansett ord kann kløyvast millom ordlekkjerne um ordet er gjenomsynlegt, jamvel um det hev færre en seks bokstavar: *ro-båt*, *bu-fe*.
- (4) Fyrefeste med fleire en einn bokstav kann skiljast frå roti dei stend til, endå um heila ordet hev færre en seks bokstavar: *si-våt*, *mis-gå*, *ov-dyr*. Hev fyrefestet berre einn bokstav, skal det ikkje skiljast frå roti si. Ikkje rita *å-tak*, *i-blåster* elder *u-mogen*.

Takk til Thorgeir Holm og Anders Olsen Søyseth som las oppkast til detta stykket.

- (5) Eit ord skal kløyvast millom grunndeilderna sina: *skjegg-rot, rys-lyng*. Um ordet vert kløyvt annan stad en millom grunndeilderna, kann kløyvingi gjera det vandt å kjenna ordet atter: *skjeg-grot, ry-slyng*.
- (6) Um ei rot elder stomn på seks elder fleire bokstavar vert kløyvd, skal minst tri bokstavar ganga til næsta randi, og minst tvo bokstavar skal standa atter: *him-mel, bro-der, tim-ber, gje-nom*.
- (7) Når eit ord vert kløyvt etter fyresegni i (6), skal klovningen som stend fremst på næsta randi, helst taka til med eit medljod. Eit ord som *gamall* skal med di kløyvast *ga-mall*, ikkje *gam-all*.
- (8) Samstavande med fyresegni i (5) skal ei samansetning av ei rot og eit avleidingsfeste kløyvast millom dei deilderna. På den visi kjem roti skillega fram: *freist-nad, vent-ing, gjer-ning*. Ordi skal kløyvast millom roti og avleidingsfesti endå um festet ikkje er myket vanlegt elder frævt. Det som veg tyngst, er at roti kjem skillega fram: *røyn-sla, grøn-ska, frost-all, far-ang, spur-dage, kjer-ald*. Det sama gjeld um etterfestet valdar ljobrigde på roti: *aks* → *eks-ing*, *Fron* → *frøn-ing*, *botn* → *bytn-ing*. Hadde sidsta ordet vortet kløyvt *byt-ning*, vilde folk tru at ordet var avleidt frå *byta* i staden fyre *botn*. Um roti elles er ukjend i målet, skal ordet kløyvast etter fyresegnerna i (6) og (7). Lagordet *gamall* skal med di kløyvast *ga-mall*, endå um ordet hev etterfestet *-all*, sidan roti *gam-* i detta ordet elles ikkje finst i norsk.
- (9) Um eit etterfeste er stuttare en tri bokstavar, kann det ikkje standa klovning. Eit ord som *hjelpar* må anten kløyvast *hjel-par* etter fyresegnerna i (6) og (7), elder det må standa ukløyvt. Valet millom desse halvkori heng i det um klovningen som stend atter, synest vera ei onnor rot elder ei. Sidan det ikkje finst nokor onnor rot *hjel-*, kann *hjelpar* vandalaust kløyvast. Det hev seg annarleides med eit ord som *fiskar*. Her kann han ikkje kløyva det i *fis-kar*, for då synest det hava nokot med *fis* å gjera. Ord som *eigar* og *lesar* er for stutte til å kløyvast, sjå fyresegni i (2).
- (10) Til liks med fyresegnerna i (8) og (9) skal ordi kløyvast framanfyre bøygingsendingarne sina, men berre om endingi er på

tri elder fleire bokstavar. I bøygingi av ordet *hund* ritar me *hund-arne*, men ikkje *hund-en*, *hund-ar* elder *hund-om*. Her au er halvkori *hun-den* og *hunden*, og valet millom deim fylgjer same framgangen som i (9).

- (11) I ei samansetning gjeng bindeljodi til fyrste klovningen: *års-tal*, *vitnes-mål*, *livs-tid*, *kvile-dag*, *slipe-stein*. Gjeng bindeljodet til andre klovningen, kann det verta vandt å kjenna honom atter: *år-stal*, *vitne-smål*.
- (12) Etter fyresegnerna ovanfyre skulde me kunna kløyva ordi *sne-rpa*, *spri-nga*, *gje-nta*, *skje-ppa*, *ski-fte* og *hja-rta*. Men det er eit krav at kvar klovningen må kunna berast fram som han vøre eit norskt ord. Sidan me ikkje kann segja *rpa*, *nga* og *nta* på norsk, kann helder ikkje ordet kløyvast so at slike klovningar stend atter.
- (13) Eit ord skal helst kløyvast slikt at medljodi som stend atter i klovningarne, vert sagde likt, sama um dei stod forutan elder i lag med resten av ordet. Ordet *kongul* kløyver me difyre ikkje *kon-gul*, for um fyrste klovningen *kon* stod einsaman, hadde nasaljodet vortet boret fram [n], men når klovningarne stend i lag, vert det boret fram [ŋ]. På sama visi skal ein helst ikkje kløyva sidofallsskapet *bokenne* i *bok-enne*, for når *bok* stend einsaman, er *k-en* hard, [k], men når *roti* stend med endingi *si*, er *k-en* linn, [tʃ]. Etter den tiljamnade framsegni i landsmålet skal bokstavsambandet <sj> lesast i tvau ljod, [sj] (Aasen, 1864, s. 27). Etter denne seden kløyver me ordet *hesjar* i *hes-jar*. I norsk-dansken fylgjer dei helder det velsedade kvardagsmålet i Oslo, der framsegni er [ʃ] (Alnæs, 1925, s. 3, 41), og der kann *hesjer* ikkje kløyvast i *hes-jer*. Det er um å gjera å vera var kvat framsegn han legg til grunn, fyrr en han gjerer upp framgangen sin.
- (14) Ulikt fyresegni i (6) skal ikkje namn kløyvast. Me ritar ikkje *Bod-var*, *Ha-rald* elder *Val-dres*. Namn kann lika fullt kløyvast når dei er gjenomsynlega samansetningar (*Sverres-datter*, *Hjelm-åsen*), når dei hev vanlege namnetterfeste (*Hard-anger*, *Björg-vin*, *Erik-sen*) elder avleidingsfeste (*Grøtt-ing*, *Sol-løysa*), elder når sidste klovningen er eit atterkjennande ord (*Staus-land*, *Jon-dalen*).

Dei tvo sidste fyresegnerna i (13) og (14) lyt han nøyta med både skyn og varsemnd. Sume ukløyvde ord og namn kann verta fælt lange um han fylgjer alla fyresegnerna grannsamnt. Um han vert nøydd um det, er det ingen stor skade å kløyva eit langt ordskap som *korgerna* i *korg-erna*, der både roti *korg-* og bøygingsendingi *-erna* kjem skillega fram. Han tarv berre å hugsa på at bokstaven <g> skal vera linn her fyre endingi etterpå. Samaleides er det ingen skade i å kløyva eit samansett namn som *Uste-kveikja*. Endå um korgje av lekkjerne i det namnet er atterkjennande, er det lika fullt audsynt kvar skilet millom deim gjeng, og då kann han kløyva ordet der.

Men sumtid kjem han ikkje burt frå at sume namn og lange ord inkje kann kløyvast. I ugjenomsynlege namn som *Bontelabo* og *Bersaqel* er det heilt uvisst kor mange lekkjer namni hev elder kvar skili millom deim gjeng, og då er det tryggaste å ikkje kløyva deim. I bøygingi av namnordet *streng* kann me få eit helder langt skap som *strengjerne*, men det er ingen stad i detta ordskapet det er rimelegt å kløyva det. Kløyvingi *strengj-erne* samsvarar med fyresegn (10), men bryt med den ubrjotande fyresegni i (12). Kløyvingi *streng-jerne* samsvarar med (12), men bryt med både (10) og (13), og er med det uhøveleg. Um sovorne ord og namn endar upp utanfyre jadaren på bladet, er det betre å rita um på setningi elder upptaket en å kløyva ordi på ei vis som fær lesaren til å stussa.

Desse fyresegnerna er sankade og jamnade frå manga kjeldor. Fyrst og fremst hev eg nøytt Rannem (1988; 2005), Vinje (1988) og Hellmark (2000).

Lesnad

- Alnæs, Ivar. 1925. *Norsk uttaleordbok*. 2. utg. Utgitt av Bymålslaget. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Hellmark, Christer. 2000. *Typografisk håndbok*. Oversatt og tilpasset norske forhold av Tom Klev. Oslo: Spartacus.
- Rannem, Øyvinn. 1988. *Bokstav, bilde, budskap. Lærebok i typografi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- 2005. *Typografi og skrift*. Oslo: Abstrakt.
- Vinje, Finn-Erik. 1988. *Skriveregler*. Bokmål. 9. utg. 2009. Aschehoug.
- Aasen, Ivar. 1864. *Norsk Grammatik*. Omarbeidet Udgave af „Det norske Folkesprogs Grammatik“. Christiania: P. T. Mallings Forlagsboghandel.